



Frekhaug Bolig As  
Rosslandsvegen 368  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/200 - 23/22747

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.  
no

Dato:  
22.03.2023

## **Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 322/109 Mjåtveit**

Tiltak: Oppdeling av bustad  
Byggjestad: Gbnr: 322/109  
Tiltakshavar: Hkh Bygg Og Eiendom As  
Ansvarleg søkjar: Frekhaug Bolig As

### **Vi treng meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Arealet ligg i nedbørsfeltet for kritisk trua elvemusling i Mjåtveitelva. Avrenning til elva kan skade elvemuslingene. Sjølv om tiltaket er lite om ein samanliknar med andre tiltak i område, må saka opplyst betre når det gjeld terrenginngrep og mogleg avrenning frå tomta. Det må vurderast om det er naudsynt med avbøtande tiltak. Det har i mange saker vist seg at sjølv om ein har avbøtande tiltak, har ein likevel fått skadleg avrenning. Det bør difor også gjerast ein risikovurdering.
2. Omsøkt tiltak krever søknad om dispensasjon frå plankravet, jf. føresegn 1.2.1.

Eksisterande planar har ikkje tilstrekkelige tiltak for å sikre avbøtande tiltak mot elvemuslingen. Vi vurderer at tiltaket og verknad av tiltaket ikkje er godt nok vurdert til å ta stilling til dette gjennom fritak frå plan. Vi viser til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.05.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### **GENERELL INFORMASJON**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Frekhaug Bolig As  
Hkh Bygg Og Eiendom As

Roslandsvegen 368  
Mjåtveitstø 33A

5918 FREKHAUG  
5918 FREKHAUG